

Møteprotokoll

Utval: **Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord**
Møtestad: Kommunehuset, Skei i Jølster
Dato: 27.01.2015
Tidspunkt: 10:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leder	
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Jorunn Eide Kirketeig	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Iris Loftheim	MEDL	

Merknadar

Verneområdeforvaltaren gjekk i frå som ugild i sak 5/15 og sak 9/15. I desse sakene har Magnus Snøtun vore sakshandsamar.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/15	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
ST 3/15	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Rullering av Fagleg Rådgjevande utval		2011/3528
ST 4/15	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om å utvide Longevasshytta - Indre Sunnfjord turlag		2014/4439
ST 5/15	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om løypekøyring med snøskuter - Instedalen Skianlegg AS		2012/4063
ST 6/15	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyring - Forenkling av utmarksforvaltningen		2011/2171
ST 7/15	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyring - Revidering av styrevedtekter og stillingsinstruks		2014/4674
ST 8/15	Naustdal.Gjengedal verneområdestyre - Klage på avslag - oppføring av fjøs		2012/1078
ST 9/15	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om kjentmannskøyring - Naustdal Røde Kors Hjelpekorps		
ST 10/15	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om kjentmannskøyring - Hyen Røde Kors Hjelpekorps		
RS 1/15	Orienteringssaker		
ST 11/15	Eventuelt		

ST 1/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord -
27.01.2015**

Framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre godkjenner innkalling og sakliste

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framlegget

ST 2/15 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord -
27.01.2015**

Framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre godkjenner innkalling og sakliste

Vedtak

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 4/14

Arkivsaksnr: -

Saksbehandler:

Dato:

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	3/15	27.01.2015

Bakgrunn

Det står i vedtekten for verneområdetyret at styret skal opprette eit fagleg rådgjevande utval. Fagleg Rådgjevande utvale for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord vart oppnemnt av verneområdestyret i styremøte nr 3/11, med 12 medlemmer (5 grunneigarrepresentantar og 7 organisasjonar/verksemder). Styret bestemte kva for organisasjonar og verksemder som var naturlege å ha med i utvalet, og so vart Sogn og Fjordane Bondelag utfordra til å foreslå kven som skulle vere representantar for grunneigarane.

Utvalet vart konstituert 16.april 2012 med 11 medlemmer (Idrettskrinsen gav aldri tilbakemelding på om dei ville vere representert). Sidan den gong har utvalet fungert og hatt 1-2 møter kvart år. I desse møta har som regel styreleiar, naturoppsyn og verneområdeforvaltar delteke i tillegg til sjølve utvalet. Representantar for grunneigarar og organisasjonar har vore uforandra, medan verksemndene har skifta litt på kven dei har sendt på møta.

Det står i vedtaket om oppnemninga frå 2011 at samansettinga av utvalet skulle evaluerast etter to år. Det har og kome spørsmål frå fleire hald om det skal vere rullering på representantane i utvalet.

Verneområdeforvaltaren har vore i kontakt med Miljødirektoratet for å høyre om der er retningslinjer på dette. Direktoratet seier at utvalet er oppnemnt av verneområdestyret, og at det derfor er heilt og fullt opp til styret å bestemme samansetning og eventuell rullering.

I styremøte 4/14 vedtok styret at Fagleg Rådgjevande utval skulle rullerast innan perioden til det sitjande styret, og at verneområdeforvaltaren skulle kome med eit framlegg til korleis dette skulle gjennomførast.

Organisasjonar og verksemder som har plass i utvalet (Indre Sunnfjord turlag, Norges Naturvernforbund, Nordfjord folkehøgskule, Reisemål Stryn og Nordfjord, Sunnfjord Næringsutvikling og Førdefjella Villreinutval) er oppnemnde som nettopp organisasjon eller verksemd, og ikkje som enkeltpersonar. Det er opp til den enkelte organisasjon eller verksemd kven dei vil sende på møter og på anna måte delta i utvalet. Det er då ikkje opp til styret å vurdere kven som skal møte, og det vert opp til den enkelte organisasjon eller verksemd å rullere representant ved behov.

Grunneigarrepresentantane er derimot oppnemnde ved namn, etter forslag frå Sogn og Fjordane Bondelag. Grunneigarrepresentantane som har site til no har gjort ein god jobb og vore veldig aktive i utvalet, men det kan likevel vere lurt at slike verv går på omgang. Det kan vere veldig mange grunneigarar frå fleire grender i kvar kommune/bygd som skal «dele på» ein representant. Det har og kome innspel frå «grasrota» I fleire av kommunane om at disse verva bør gå på omgang. Styret kan utfordre dei lokale bondelaga til å finne grunneigarrepresentantar for neste periode.

Det bør vere opning for at den representanten som sit i dag kan fortsette, men det bør kanskje vere eit tak på kor lenge ein representant kan sitje. I andre politisk oppnemnde råd og utval er det vanleg med ei makstid på åtte år, og det kan vere høveleg å innføre her.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Fagleg Rådgjevande utval skal rullerast i løpet av 2015.

- Dei organisasjonar og verksemder som har plass i utvalet kan sjølv velje kven som til ei kvar tid skal representere deira organisasjon eller verksemd.
- Verneområdestyret ber bondelaga (Gloppen, Hyen, Naustdal, Førde og Jølster) om å foreslå representant for perioden 2015 – 2019.
- Maksimal verketid for ein representant er to periodar, altså åtte år.
- Fagleg Rådgjevande utval skal rullerast igjen i løpet av 2019.

ST 3/15 Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Rullering av Fagleg Rådgjevande utval

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 27.01.2015

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framlegget

Arkivsaksnr: 2014/4439-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 07.01.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	4/15	27.01.2015

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om å utvide Longevasshytta - Indre Sunnfjord turlag

Dokument i saka:

- Søknad om utviding av Longevasshytta
- Bilete av hytta slik den er i dag
- Teikningar

Søknad og bakgrunn

Indre Sunnfjord Turlag (IST) eig og driv Longevasshytta, ei sjølvbetjent hytte som ligg i Naustdal kommune inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord. Hytta har i dag 7 sengeplassar pluss hems og sovesofa. Totalt er det plass til minst 25 overnattande. Hytta er på om lag 49 m².

Bruken av Longevasshytta er aukande. I 2014 vart det sett ny rekord med om lag 300 overnattingar. Det er derfor behov for å auka kapasiteten på hytta, både for overnatting og oppholdsrom/etepllass. Det er og ønske om å utvide kapasiteten for å kunne ta i mot store skuleklassar. Indre Sunnfjord Turlag søker derfor om å få utvide hytta.

IST vil utvide hytta vestover med 3 meter i heile hytta si breidde, som er 8 meter. Dette gjev ei utviding på 24 m², eller om lag 50 %. Utvidinga skal gje plass til ei sittegruppe til, eit soverom til og større hems.

Turlaget søker og om å få utvide sikringsbua som ligg rett ved siden av hytta, både for å få meir lagerplass og for å stette behovet som sikringsbu når hytta vert større. IST søker om å utvide sikringsbua med litt over 2 m sørover. Denne vil då få omtrent dobla arealet sitt.

Tilbygga, både på hytta og sikringsbua, skal i same stil og farge som hytta og bua er i dag.

Verneforskrift og regelverk

Ombygging av bygningar og anlegg er i utgangspunktet forbode i landskapsvernombjådet, men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til dette i visse tilfelle, jamfør verneforskrifta § 3 pkt 1.3.a:

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar i tråd med tradisjonell byggjeskikk.*

Verneområdestyret har med andre ord heimel til å gje løyve til det som IST søker om, so lenge utvidinga er i tråd med tradisjonell byggjeskikk.

Vurdering

Longevasshytta er einaste turlagshytta i verneområdet og med det den einaste som er open for ålmenta. Hytta ligg veldig sentralt til i området, og er tilgjengeleg frå fleire av dei viktigaste innfallsportane. Den er derfor viktig for tilgongen til området for turfolk og for formidlinga av området og verdiane som er her. Særleg positivt vil det vere om skuleklassar eller andre grupper kan bruke hytta i samband med utdanning eller opplæring med sjølv verneområdet som grunnlag eller arena.

Med aukande besøkstal aukar og behovet for kapasitet. Noko av denne auken kan kanskje forklarast med tiltak som verneområdeforvaltninga sjølv har stått bak, som utbetring av stien langs Stegsvatnet (den viktigaste ruta til Longevasshytta). At bruken av området aukar er i utgangspunktet positivt, so lenge bruken ikkje går ut over verneverdiar eller –føremål. I prinsippet vil verneområdeforvaltninga derfor vere positiv til utviding av kapasiteten på Longevasshytta.

Utvidinga det er søkt om er ganske stor i høve til bygningane som står der i dag. Utviding av ein bygning med om lag 50 % (hytta) og 100 % (sikringsbua) er mykje. I framlegg til forvaltningsplan står det at utviding av bygningar normalt vil verte avgrensa til inntil 30 % utviding av arealet. Det vert derfor ei vurdering om føremålet og behovet forsvarar ei so stor utviding av bygningane.

I saker som gjeld byggeskikk støttar verneområdeforvaltninga seg på Fylkeskommunen si kulturavdeling. Dei har fått søknaden tilsendt, og har ingen kommentarar.

Føremålet med utvidinga er godt og nyttig for ålmenta. Og behovet for utviding er til stades. Det er derfor ikkje vanskeleg å stille seg positiv til å utvide hytta og sikringsbua. Men det er ikkje tvil om at det er snakk om ei stor utviding, større enn kva som normalt vil verte akseptert. Longevasshytta er derimot i ei særstilling som den einaste turlagshytta i landskapsvernombjådet. Hytte og sikringsbu har utforming og fargeval som ikkje skil seg særleg ut i landskapet, og utvidinga vil ikkje framstå som skjemmande.

Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan påverke naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i §§ 8-12.

Kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8) er solid i denne saka. Terrenget rundt hytta er godt dokumentert med foto, og verneområdeforvaltaren har vore på staden og kjenner området. Naturbase, Artskart og Askeladden er sjekka, ingen av dei syner sårbare førekomstar eller elementer i området rundt hytta. Føre-var-prinsippet (jf. § 9) vert ikkje brukt her, då kunnskapsgrunnlaget er solid.

Samla belastning (jf. § 10) er ei viktig problemstilling i denne saka. Det er to årsaker til det; både fordi det er søkt om ei utviding som er større enn kva som normalt vert godkjent, og fordi tiltaket truleg vil føre til auka bruk av området. Som nemnt lenger oppe er det snakk om å utvide hytta med om lag 50% av opprinnelige flatemål og sikringsbua med 100 %. I følgje framlegg til forvaltningsplan skal utviding normalt avgrensast til 30 %. I denne saka er det derimot snakk om den einaste turlagshytta i landskapsvernombordet, so det er ikkje snakk om å skape ein uheldig presedens. I tillegg er det eit tiltak som kjem friluftslivet og ålmenta til gode, og vi meinat føremålet forsvarar å gå litt ut over rammene med omsyn til storleik på utviding.

Auka bruk av området er litt av målet med utvidinga. Auka bruk treng ikkje å vere negativt, tvert i mot. Men det bør alltid vurderast om auka bruk er innanfor det som er berekraftig med tanke på verneverdiar og naturmiljøet. I dette tilfellet vil det vere snakk om auka ferdsel både på barmark og på vinterføre. Ferdsla vil i hovudsak vere innanfor det som vi kallar tradisjonelt friluftsliv, og vernet skal ikkje vere til hinder for dette (jf. føremålsparagrafen i verneforskrifta § 2). Det er ingenting som tilseier at auka bruk av Longevasshytta vil vere til skade for verneverdiar eller naturmiljø.

Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter at tiltaket er gjennomført, og vil vere ansvarleg for eventuelle skader på naturmiljøet (jf. § 11). Andre alternativ til metode eller plassering (jf. § 12) er ikkje aktuelle og vert derfor ikkje vurdert.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Indre Sunnfjord turlag får løyve til å utvide Longevasshytta i tråd med søknad og vedlagde teikningar, på følgjande vilkår:

- IST må sørge for naudsynt byggeløyve etter plan- og bygningslova
- Utvidinga skal vere ferdig innan utgongen av 2016
- Det skal ryddast skikkeleg opp etter at arbeidet er ferdig. Avfall og overskotsmateriale skal fjernast eller lagrast på eigna stad.
- Etter at utvidinga er ferdig skal tiltaket dokumenterast med foto eller ved synfaring på staden

ST 4/15 Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om å utvide Longevasshytta - Indre Sunnfjord turlag

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - 27.01.2015

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framlegget

Arkivsaksnr: 2012/4063-0

Saksbehandler: Magnus Snøtun

Dato: 07.01.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	5/15	27.01.2015

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om løypekøyring med snøskuter - Instedalen Skianlegg AS

Dokument i saka:

- Søknad om løyve til å nytte snøskuter til løypekøyring fra januar til april fra Vonavatnet til Fosselvekråna i Naustdal Gjengedal landskapsvernombord datert 19.11.2014

Søknaden

Instedalen Skianlegg BA søker om løyve til løypekøyring med snøskuter fra parkeringsplass ved Vonavatnet og til Fosselvekråna ein dag i veka fra 01. januar til 01. april. Søknaden gjeld same trase og med same vilkår som vart sett i løyve som vart gjeve av Naustdal-Gjengedal verneområdestyret 07.12.2012.

Bakgrunnen for søknaden og føremålet med Instedalen Skianlegg BA er å legge til rette for skiaktivitet i Instedalen i Naustdal. Dette området har lenge vore viktig for skigåing gjennom vinteren. Frå midten av 1990-talet har det vore tilrettelagt med vinterparkeringsplass ved Vonavatnet og dette er hovudutfartsområdet vinterstid for Naustdal kommune. Instedalen Skianlegg BA overtok ansvaret for å halde veg og parkeringsplass ope i 2006 og starta opp å køyre opp skiløyper.

Søknaden viser til behandling av førre søknad som vart anka til Klima og miljødepartementet. Verneområdestyret vedtok å gje dispensasjon, men vedtaket vart anka av villreinnemnda og privatpersonar. I førebuing av behandlinga av anken, innstilte direktoratet på at anken skulle tas til følgje, men departementet vurderte at vilkår for dispensasjon etter §48 i naturmangfaldslova er oppfylt m.o.t. at tiltaket ikkje medfører nemneverdig skade og ikkje kjem i strid med verneformålet. Departementet meinte derfor at det var innanfor verneområdestyret sitt skjønn å gje dispensasjon. Anken vart dermed avslejt og vedtaket oppretthalde.

Verneforskrifta

Motorferdsel er forbode etter verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde § 3 punkt 5.1. For å kunne køyre opp skispor med snøskuter er Instedalen Skianlegg avhengig av ein dispensasjon etter naturmangfoldlova (nml.) § 48. Etter nml. § 48 kan det bli gitt dispensasjon frå verneforskrifta dersom det ikkje strir mot formålet til vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

I tillegg skal forvaltningsmyndigheita vurdere om ein skal gje dispensasjon til omsøkt tiltak dersom vilkår for å gje løyve er til stades.

Vurdering

Forvaltningsstypesmakta kan gje dispensasjon etter naturmangfoldlova § 48 dersom det ikkje strir mot formålet til vernevedtaket og dersom det ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. I forskrifter til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde heiter det i § 2 om formålet med vernet:

"Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging."

Søknaden gjeld same trase og med same vilkår som var sett i vedtak om dispensasjon av Naustdal-Gjengedal verneområdestyre 07.12.2012. Det er ikkje kjent at situasjonen i området er endra sidan førra behandling og vurderingane til departementet vert dermed lagt til grunn for å vurdere om vilkåra for å gje dispensasjon etter §48 i naturmangfoldlova er oppfylt.

Vedtak i Klima- og miljødepartementet (KLD) datert 11.09.2014:

"Etter formålet skal altså området kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging. Departementet meiner at den omsøkte løypekøyringa ikkje stir mot dette. Det er tradisjon for å bruke området til langrenn. Sporkøyringa som det er søkt om, er berre 4-5 km lang og verkar inn på ein avgrensa del av verneområdet. Det er også satt krav til at løypekøyringa skal gjennomføras på ein omsynsfull måte. Vidare meiner departementet at sporkøyringa ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Vilkåra for å gi dispensasjon er altså oppfylt."

Sidan føresetnadane ikkje er endra sidan førre løyve, er vurderingane til sekretariatet samsvarande med verneområdstyre si vurdering ved førre behandling. Styret la då vekt på at:

"Før vernevedtaket så har det vore lang tradisjon for å køyre skispor i omsøkte trase. Derfor er denne saka spesiell i forhold til sporkøring på vinteren. Dette er einaste kjente sporkøringstrase på vernetidspunktet. Stien er og mykje nytta også sommarstid. Villrein er ikkje nevnt i verneforskrifta og ikkje del av verneformålet, men Norge har eit internasjonal ansvar a ivareta villreinen. Styret for Naustdal Gjengedal Landskapsvernombade sin vurdering er at tiltaket er av mindre art og derfor skånsomt for naturmiljøet."

I høve til formuleringane i naturmangfaldlova § 48 som KLD vurderte som relevante («dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig») vurderte styret søknaden slik:

- *Søknaden er i samsvar med vernet sitt føremål i verneforskrifta § 2, som mellom anna er tradisjonelt friluftsliv og meiner 1 tur i veka med snøskuter i tre vintermånader kjem inn under formuleringa utan særleg teknisk tilrettelegging.*
- *Løypekøyring på snøføre vil ikkje vesentleg endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter jf § 3 i verneforskrifta, fordi det ikkje gjev terrenginngrep og tidsrommet for motorferdsel er svært avgrensa i tid.»*

Styret vurderte søknaden i høve naturmangfaldlova §§ 8-12 slik:

- *Kunnskapsgrunnlaget jf § 8 er svært godt belyst i samband med verneprosessen.*
- *Føre-var prinsippet jf § 9 er ivareteke da villrein sjeldan ferdast i omsøkt løypetrase, men for det meste held til lengre nord i verneområdet.*
- *Økosystembelastning og samla belastning jf § 10 er minimal ved oppkøyring av løyper på snøføre ein tur i veka.*
- *Kostnader ved miljøforingelse jf § 11 er uaktuell*
- *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar jf § 12 er ivaretatt ved at det er ingen terrenginngrep ved oppkøyring av løyper på snøføre.»*

I søknaden er det nå ikkje spesifisert eit tidsrom. Det er vanleg å gje dispensasjonar som følgjer styreperioden, men for å unngå at nytt styre skal behandle slike fleirårige løye same haust som dei er konstituert, vert det innstilt på at løye gjeld ut sesongen 2016 og at det må søkjast om nytt løye før sesongen 2017.

På bakgrunn av det som er sagt over, meiner sekretariatet det er grunnlag for å gje dispensasjon til oppkøyring av løype med snøskuter som omsøkt.

Framlegg til vedtak

Styret for Naustdal Gjengedal gjev dispensasjon til regelmessig sporkøyring med snøskuter etter § 48 i Naturmangfaldlova med følgjande vilkår:

- Trase for sporkøyring er frå Vonavatnet til Fosselvkråna.
- Løyvet gjeld for sesongen 2015 og 2016. Køyring av spor kan gjerast inntil ein tur pr. veke mellom 1. januar og 1. april.
- Statens naturoppsyn kan stoppe køyring dersom omsynet til villrein krev dette.
- Det vert ikkje gjeve løye til a køyre spor på søndagar eller på heilagdagar.

**ST 5/15 Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde - Søknad om
løypekøyring med snøskuter - Instedalen Skianlegg AS**

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde -
27.01.2015**

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framlegget

Arkivsaksnr: 2011/2171-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 08.01.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	6/15	27.01.2015

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyring – «Forenkling av utmarksforvaltningen»

Dokument i saka:

- Rapport frå faggruppe «Forenkling av utmarksforvaltningen»
- Høyringsbrev

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) oppnemnde sommaren 2014 ei faggruppe som skulle sjå på utmarksforvaltninga og føreslå tiltak for forenkling av denne. Det skal ligge til grunn for arbeidet at brukarane skal oppleve ei vesentleg forenkling, og at kommunane skal få meir ansvar og mynde.

Departementet har ikkje teke stilling til forslaga, dei vil ha rapporten og tiltaka ut på høyring først. KMD ber særskilt om tilbakemelding på:

- Vil dei foreslegne tiltaka bidra til forenkling av utmarksforvaltninga?
- Er det andre tiltak som er viktige å sjå på og få gjennomført?

Nedanfor her kan de sjå samandraget frå rapporten. Sjølve rapporten vil verte sendt ut som vedlegg med sakspapira. Det er særleg verdt å merke seg tiltaka som står med uteha skrift.

SAMMENDRAG

Rapporten er utarbeidet av en faggruppe med mandat til å foreslå tiltak slik at brukerne skal oppleve en vesentlig forenkling, og at kommunene får større ansvar og myndighet i utmarksforvaltningen.

Faggruppen mener at utmarksforvaltningen er kompleks og til dels utilgjengelig for brukerne.

Utmarksforvaltningen fremstår som sektorstyrt, ressurskrevende og lite helhetlig.

- Det er en rekke særorganer i utmarksforvaltningen i tillegg til kommuner, fylkeskommuner og fylkesmenn.
- Den rettslige reguleringen av utmarka er fragmentert.
- Det er uklar fordeling av ansvar og myndighet mellom sektorer og beslutningsnivåer.
- Det er uklare og ofte lite forenlig mål på nasjonalt nivå.

Faggruppen foreslår en del prinsipper som bør legges til grunn for tiltakene:

- Kommunene bør tillegges flest mulige oppgaver. De må ha tilstrekkelig kapasitet, relevant kompetanse og distanse i forvaltningen. Kommunene må ha arealmessig størrelse tilpasset naturressursen, spesielt der det er nasjonale og internasjonale forpliktelser.
- Kommunene må ha tilstrekkelig politisk og økonomisk handlingsrom der også roller og ansvar i utmarksforvaltningen er avklart.
- Relaterte oppgaver bør i størst mulig grad samles i ett forvaltningsorgan.
- Fylkesmannen bør ha ansvaret for statlig samordning, spisskompetanse og legalitetskontroll.

Faggruppen mener at en varig forenkling av utmarksforvaltningen krever grunnleggende tiltak.

Det foreslås følgende:

- **Kommunene bør overta forvaltning av verneområder som i sin helhet ligger i kommunene, samt flere fiske- og viltoppgaver. Det gis mulighet for delegasjon i verneområder.**
- Rapporteringssystemer integreres i etablerte systemer.**
- **Det bør etableres strategiske utmarksstyrer med ansvar for store verneområder og villreinforvaltning i områder der det er villrein.**
- **Kommunene bør ha førstelinjeansvar for alle saker i utmarksforvaltningen, og det bør utarbeides en samlet IKT-løsning for brukerhenvendelser.**
- **Det bør utvikles en tydeligere rolle- og arbeidsdeling mellom Statens naturopsyn og forvaltningsmyndighetene. Fjelltjenesten bør overføres til Statens naturopsyn.**

En del tiltak har en mer overordnet karakter:

- Nasjonal politikk bør samordnes og bli mer tydelig.
- Det bør utvikles mer kunnskap om naturressurser.
- Det bør igangsettes et lovarbeid for å revidere forvaltningen i statsallmenninger.
- Det bør nedsettes et lovutvalg for utmarka.

I tillegg har gruppen foreslått igangsetting av kompetanseutviklingstiltak for kommunene og avklaring av eiendomsforhold i utskiftede bo.

Faggruppen mener at tiltakene samlet vil gi både en vesentlig forenkling for brukerne og et større kommunalt handlingsrom for å utvikle en helhetlig utmarksforvaltning.

Handsaming i møte

Verneområdeforvaltaren har ikkje skrive noko framlegg til høyringssvar.

Styret må diskutere rapporten og tiltaka i møtet, og kome med innspel. Verneområdeforvaltaren kan deretter skrive eit framlegg basert på det som kjem fram i møtet.

ST 6/15 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyring - Forenkling av utmarksforvaltningen

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde -
27.01.2015**

Vedtak

Styret diskuterte rapporten som no er ute på høyring og dei prinsippa og tiltaka som er føresleger. Styret bestemte at verneområdeforvaltaren noterer seg dei innspel og syn som kom fram i diskusjonen, og samanfattar dette til eit utkast til høyringsuttale som vert sendt ut til styret etter møtet

Arkivsaksnr: 2014/4674-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 09.01.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	7/15	27.01.2015

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyring - Revidering av styrevedtekter og stillingsinstruks

Dokument i saka:

- Utkast til reviderte vedtekter for verneområdestyrer
- Utkast til revidert stillingsinstruks for verneområdeforvaltar
- Høyringsbrev

Samandrag

Ordninga med lokal forvaltning, verneområdestyrer og verneområdeforvaltarar vart innført i 2010. I løpet av dei 4-5 åra som har gått, har det «gått seg litt til», og det har blitt gjort nokre endringar. Det er derfor på tide å revidere vedtekter og instruks slik at desse vert oppdatert.

Endringar i vedtekten (i korte trekk):

2. Styrets mynde:

- Presisert at styret er ein juridisk person.

6. Sekretariat:

- Presisering av forvaltaren si rolle og ansvar
- Høve til delegering og vilkår for dette er lagt inn
- Presisert at styret disponerer forvaltaren si arbeidstid
- Tatt vekk punkt om at Fylkesmannen har sekretariatet fram til forvaltar er tilsett

8. Styret sine oppgåver

- Generell presisering av styret sitt ansvar
- Tillegg om administrative sanksjonar i punkt 8.5
- Tillegg om Miljøvedtaksregisteret i punkt 8.6

12. Klageadgang og klagemynde

- Miljødirektoratet er klageinstans (delegeret frå dept)

14. Omgjering av vedtekten

- Miljødirektoratet kan endre (tidlegare låg det til dept)

I tillegg til desse er det ein del mindre, språklege endringar og oppdateringar av namn
(Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet)

Endringar i stillingsinstruksen til forvaltar (i korte trekk):

1. Forvaltaren si rolle:

- Presisert at styret disponerer forvaltar si arbeidstid
- Punkt om at fylkesmannen kan disponere ledig kapasitet hos forvaltar er tatt vekk

2. Forvaltaren sine oppgåver:

- Tatt vekk punkt om informasjon og informasjonstiltak (infotavler)
- Presisert at dersom styret sitt vedtak ikkje er i samsvar med forvaltar si innstilling, skal dette og styret si grunngjeving gå fram av saksframstillinga.
- Legge inn i Miljøvedtaksregisteret.

Miljødirektoratet vurderer og å utvoide ordninga med delegeret mynde til forvaltar. Direktoratet vil derfor ha innspel på kva oppgåver som kan vere eigna og aktuelt å delegera.

Verneområdeforvaltar si vurdering

Verneområdeforvaltaren støttar utkasta til vedtekter og stillingsinstruks. Endringane er hovudsakleg presisering og implementering av gjeldande praksis.

Handsaming i møte

Verneområdestyret må gå gjennom dei nye vedtekten og instruksen, og kome med eventuelle innspel til ei høyringsuttale.

Styret bør vurdere om der er fleire oppgåver som kan/bør delegerast til forvaltar.

ST 7/15 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyring - Revidering av styrevedtekter og stillingsinstruks

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - 27.01.2015

Vedtak

Styret diskuterte kort dei føreslegne endringane i styrevedtekter og stillingsinstruks for forvaltar.

Styret bestemte at verneområdeforvaltaren noterer seg dei innspel og syn som kom fram i diskusjonen, og samanfattar dette til eit utkast til høyringsuttale som vert sendt ut til styret etter møtet.

Arkivsaksnr: 2012/1078-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 12.01.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	8/15	27.01.2015

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Klage på avslag - oppføring av fjøs

Bakgrunn

Audun Rygg søkte om å få bygge opp fjøs med overnattingsloft på tuftene av den gamle fjøsen på Dalsbøen som hører til bruket til Rygg. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslo søknaden i styremøtet som dei hadde 0 1.12.14, med følgjande vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknad om å bygge opp fjøs med overnattingsloft på Dalsbøen.

Grunngjeving for avslaget:

1. *Fjøsen vert ikkje knytt til eit bruk i aktiv drift med beitedyr.*
2. *Det omsøkte bygget er større enn dei fleste andre bygningane på Dalsbøen i areal, og vesentleg høgare enn dei andre bygningane der. Bygget vil bryte med den lokale byggesikken.*
3. *Det omsøkte bygget er større enn tuftene etter den gamle fjøsen, som det er tenkt bygd opp på.*
4. *Bruket til sokjaren har anna bygning på Dalsbøen som kan rustast opp og nyttast til overnatting.*

Klagen

Audun Rygg klaga på dette vedtaket i klagebrev datert 09.12.14. Klagen baserer seg i korte trekk på desse punkta:

- Sakshandsaminga har teke urimeleg lang tid, og at han ikkje har fått høve til å kommentere saksutgreiinga før styrehandsaming.
- Rygg meiner at bruket hans må reknast for å vere i drift. Beiteretten i Traudalen vert leidt vekk til nabo David Rygg som har sau på beite der.
- Rygg meiner at bygget som han har søkt om ikkje vert noko framandelement i bygningsmiljøet på Dalsbøen, og at bygget er om lag same storleik som nokre av bygningane som står der i dag.
- Storleiken på bygget kan reduserast dersom det krevst.
- Selet som Rygg har på Dalsbøen i dag er for lite til å kunne brukast til fjøs og overnatting.

Vurdering

I klagen peikar Rygg på fleire moment som han meiner er vurdert feil eller som bygger på feilaktig faktagrunnlag. Her vil verneområdeforvaltaren gjere greie for vurderinga som forvaltaren og styret har gjort i denne saka.

Det er riktig at det har gått lang tid sidan søknaden vart sendt inn. Søknaden kom på vinteren, og saka vart lagt «på is» i påvente av at snøen skulle smelte slik at ein kunne ta ei synfaring.

Verneområdeforvaltaren beklagar at han ikkje tok initiativ til å gjennomføre synfaring og med det ta opp att saksprosessen. Samstundes er det slik at søkeren heller ikkje føretok seg noko i denne saka før no i 2014.

Bruket til Rygg har ikkje eigne beitedyr som beitar i Traudalen, og etter forvaltaren sitt syn oppfyller bruket derfor ikkje «kravet» om at nye bygningar i verneområdet skal vere naudsynte i samband med landbruk. Det kan sjølv sagt takast opp til vurdering om bortleige av beiterett kan stette dette kravet. Men i so fall bør det leggast fram noko dokumentasjon på at beiteretten vert leidt vekk i ein viss periode og på at bygget er naudsynt for den som leiger beiteretten.

Det bygget som det er søkt om å føre opp vil etter forvaltaren sitt syn vere eit framandelement dersom det vert ført opp i tråd med teikningane. Det er rett nok fleire bygningar i Traudalen som er både like store og større enn fjøsen som det er søkt om å bygge. Her er og gamle murar av ein fjøs som er like stor som den det er søkt om å bygge (5x8m). Men med ei mønehøgde på 5,5 m er bygningen det er søkt om høgare enn noko anna bygg som står på Dalsbøen i dag. Og det er høgare enn den bygningen som i følgje teikningane stod der tidlegare (sjå vedlegg til klage). Eit so høgt bygg vil dessutan stenge for utsikt for dei nærmaste hyttene, noko som andre grunneigarar i området har uttala seg negativt til. Vidare vil bruken av cementstein i grunnmur/underetasje og installering av vedomn med tilhøyrande pipe bryte med lokal byggeskikk for stølsfjøs. I tillegg er bygget som er søkt om å føre opp er større enn tuftene etter den gamle fjøsen.

I spørsmål som gjelder tradisjonell byggeskikk og kulturminner so støttar verneområdeforvaltninga seg til fylkeskommunen si kulturavdeling. Dei har fagkompetanse på desse felta. Kulturavdelinga har uttalt seg kritisk til dei byggeplanane som det er søkt om her. Dei har varsla at dei vil kome med ei skriftleg uttale, men den er ikkje komen forvaltaren om hende i skrivande stund. Den vil verte lagt fram for styret når den kjem.

I vedtaket vert det peika på at søkeren har sel på Dalsbøen, rett ved sida av tuftene etter den gamle fjøsen. Dette selet er ganske lite og det er tilsynelatande i därleg stand. Etter verneområdestyret sitt syn vil det vere ei betre løysing for bygningsmiljøet og for verneverdiane å fikse opp og eventuelt utvide dette selet, i staden for å føre opp eit nytt bygg. Med oppgradering og eventuelt litt utviding av selet vil dette kunne stette behovet for overnatting for gjetarar og andre brukarar. Dette er og ei løysing som andre grunneigarar i Traudalen har lansert som ei betre løysing.

Alt i alt kan ikkje verneområdeforvaltaren sjå at her er nye moment i saka som vil endre konklusjonen til forvaltar og styre i denne saka.

Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre opprettheld styrevedtaket frå møte 4/14, og sender saka vidare til Klima- og Miljødepartementet for klagehandsaming.

ST 8/15 Naustdal.Gjengedal verneområdestyre - Klage på avslag - oppføring av fjøs

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 27.01.2015

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framleggget

ST 9/15 Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde - Søknad om kjentmannskøyring - Naustdal Røde Kors Hjelpekorps

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde - 27.01.2015

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal gjev etter § 48 i naturmangfaldslova løyve til kjentmannskøyring for Naustdal Røde Kors Hjelpekorps i samsvar med øvingsplan på følgjande ruter med påfølgjande vilkår i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde i 2015:

1. Fimland – Sandfjellet, 2 turar med 2 snøskuterar.
2. Nes – Vonavatnet – Longvasshytta, 3 turar med inntil 3 snøskuterar.
3. Nes – Vonavatnet – Vonaskaret, 3 turar med inntil 3 snøskuterar.

Vilkår:

- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv. Særleg villrein. Det er ikkje ønskjeleg at turen opp til Vonaskaret vert gjennomført etter 1. april.
- Etter retningslinjene for kjentmannskøyring, skal lokal redningssentral varsle forvaltninga ved utskriving av køyreordre. For å kunne informere om villreinen i området, skal lokalt SNO varslast per telefon i forkant av kjentmannsturane (tlf. 975 95 102).
- Løyve til motorferdsel skal takast med under transporten.
- Ein rapport med dato for turar, trase, og tal snøskuterar skal sendast til nasjonalparkforvaltaren innan 1. juni 2015.

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framleggjet

ST 10/15 Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om kjentmannskøyring - Hyen Røde Kors Hjelpekorps

Saksutgreiing:

Dokument i saka:

- Øvingsplan Hyen Røde Kors Hjelpekorps 2015
- Uttale til øvingsplan frå Lensmann i Gloppe
- Rundskriv om kjentmannskøyring - Miljøverndep. 31.01.13

Søknaden

Hyen Røde Kors Hjelpekorps har sendt søknad om kjentmannskøyring i form av øvingsplanen sin for 2015. På den er det sett opp kjentmannskøyring på ruta Ommedalsstøylen – Botnafjellet/Vasslivatnet – Gjengedalsstøylen i veke 7/8 og på ruta Gjengedalsstøylen – Måsevassdalen i veke 8/9. For begge desse turane er det sett opp inntil 3 skuterar.

Verneforskrift, regelverk og rundskriv om kjentmannskøyring

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernombordet. Det er heller ikkje opning i verneforskrifta for å gje løyve til kjentmannskøyring.

I Rundskriv av 31.01.2013 slår derimot Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet) fast at redningstenesta kan få løyve til naudsynt kjentmannskøyring etter naturmangfaldlova (nml) sin generelle dispensasjonsheimel i § 48, første ledd:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Rundskrivet seier og at so lenge kjentmannskøyringa er ledd i ein øvingsplan, og i samsvar med lokal redningssentral sine vurderingar, so skal kjentmannskøyringa normalt godkjennast og få dispensasjon. So lenge køyringa ikkje strider mot verneføremålet eller vil påverke verneverdiene nemneverdig, jamfør nml § 48, første ledd.

Vurdering

Problematikken kring kjentmannskøyring og behov for dette er grundig gjennomgått i rundskrivet som Miljøverndepartementet sendte ut i 2013. Det er der slått fast at dette med kjentmannskøyring er eit reelt behov for redningstenesta som dei skal ha ein viss opning for å gjennomføre, og i verna område. Eg ser derfor ikkje noko grunn til å utgreie den problematikken noko meir i enkeltsaker som denne.

Rutene som Hyen RKH søker om å køyre er begge i områder som har mykje utfart gjennom vinteren og særleg rundt påsketider. Det er soleis naturlege områder å gjere seg kjende i.

I følgje planen skal det køyrast i perioden veke 7-veke 9. Dette kan vere litt uheldig då det er vinterferie i veke 8, og det kan vere meir utfart enn normalt. Ein bør derfor unngå helgane og vere ekstra merksam på at ein må ta omsyn til turfolk.

Ruta frå Gjengedalsstøylen og innover til Måsevassdalen kan vere i konflikt med villrein. Området innanfor Storevatnet har vore kalvingsområde for villreinstammen i området siste åra, og villrein er særskilt sårbar for uro i tide før og under kalving. I følgje øvingsplanen skal køyringa her gå føre seg i veke 8/9, altso i februar månad. Det er i god tid før kalvingstida og reinen oppheld seg normalt på vinterbeiteplassane sine då. Det er derfor ikkje venta at køyring i dette området i februar vil vere i konflikt med villrein, men ein må likevel vere merksam og ta omsyn dersom ein skulle komme på reinsdyr.

Lensmannen i Gloppen har hatt øvingsplanen til gjennomsyn, og han har godkjent planen. Men han har også skrive nokre kommentarar og peikar på at øvingsplanen burde vore meir konkret. Verneområdeforvaltaren stiller seg bak dette. Seinare søker bør vere meir konkrete og utfyllande.

Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml)

Jamfør nml § 7 skal alle vedtak som kan påverke naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i §§ 8-12.

I § 8 vert det sett krav til eit god kunnskapsgrunnlag. Grunnlaget byggjer her på kjennskap til området gjennom synfaringar, kunnskap kring villreinen sin områdebruk og tidlegare erfaringar med skuterkjøring i området. Kunnskapsgrunnlaget er solid, og føre-var-prinsippet i § 9 vert ikkje aktuelt her.

Omfanget av motorferdsel i dette området er lågt. Øvingsplanen/søknaden er heller ikkje omfattande og gjeld berre ein tur på kvar av to ruter. Samla belastning (jf. § 10) er derfor liten. §§ 11 og 12 er ikkje aktuelle i denne saka.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Hyen Røde Kors Hjelpekorps får løyve til kjentmannskjøring med snøskuter i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i tråd med øvingsplanen. Løyvet gjeld ein tur på ruta Ommedalsstøylen – Vasslivatnet/Botnafjellet – Gjengedalsstøylen i veke 7/8 og ein tur på ruta Gjengedalsstøylen – Måsevassdalen i veke 8/9.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for inntil 3 skuterar per tur
- Løyvet skal vere med under kjøring og det skal førast logg/køyrebok over kjøringa
- Det skal takast omsyn til villrein. Om ein treffer på villrein i traseen, må ein snu eller finne alternativ trase
- Det skal takast omsyn til turfolk og ein bør derfor unngå kjøring i helgane dersom det er mogeleg.

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde -
27.01.2015**

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framlegget

RS 1/15 Orienteringssaker

- Verneområdeforvaltaren informerte om status påforvaltningsplanen og prosessen med å få den klar. Planen manglar berre nokre få detaljar no, før eit framlegg til endeleg plan kan leggast fram for styret. Planen vil verte sendt ut i god tid før neste styremøte, og vil verte ei sak då.

ST 11/15 Eventuelt

Ingen saker